

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 14.11.2023

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Jon-Harald Huus, Ingrid Stranden Haavik, Guri Bugge, Veslemøy Mjelde og Kaia Gulbrandsen

Forfall:

Referent: Kaia

Sak 2023/74: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2023/75: Godkjenning av referat frå styremøte 17.10.2023. Godkjent

Sak 2023/76: Eigedomar:

- Asfaltering av plassen ved kulturhuset vert iflg plan utført i veke 46, starta 14.11. Antatt 3 dagers arbeid. Plassen stengt for innkøring og parkering v.46.
- Montering av varmpumpe i gymsalen, Kvam Elektro kjem fredag 17.11 og monterer. Stillas vert sett opp ute på veggen torsdag.
- Kontroll av nærmiljøanlegg utført 03.11.23 v/kommunen. Kaia la fram rapporten for styret.

Sak 2023/77: Tilstellingar:

- Tenning av julegran i båthamna fredag 1. desember i samarbeid med idrettslaget og Berit og Haldor Tuvin. Bygdelaget stiller med godteposar. Kanskje kjem nissen.
- Juletreffest 2. juledag ved rode 1. Boka levert til Marit Samland.
- Bygdelagsbasaren 24.02.2024. Innsamling av gevinstar er i gang. Loddbok på butikken før jul.

Sak 2023/78: Økonomi:

- Status: Ingen søknader sendt sidan sist møte. Herand omsorgsbustader har betalt fyrste avdrag på likviditetslån. Ligg pt an til eit overskot for 2023. HB har utbetalt kr. 50.000,- i tilskot til Hardangertrappa etter vedtak 2022/51 i styremøte 16.08.22.

Sak 2023/79: Andre saker/eventuelt:

- Velkomsthelsing til nye innflyttarar til bygda. Styret laga liste og kjem på besøk før jul med blom og abonnement på bygdebladet for 2024.
- Styret gjorde i møte 17.10.2023 samrøystes vedtak om å gje ei gåve på kr 25.000 til Herand Grannahus i samband med 90-års jubileet for huset 11.11.2023.
- Spørsmål om dei gamle telefonlinjene. Kan HB sjekke om det er mogleg å få fjerna dei gamle telefonlinjene/stolpane i bygda?

Neste styremøte tysdag 12.12.23 kl. 19.00 på Herand kulturhus.